


Egil Christophersen til minne.



Adjø Egil. Eg visste ikkje at du skulle dra så snart. Hadde eg det, skulle du fått desse bileta mens det endå var tid. Bilete eg tok på den fantastiske turen eg hadde til Bremen, Hamburg og Berlin sommaren 2010. Med deg, Svein-Aage og Stein. Her forlet du den Norske Ambassade i Berlin.



Over: restar av flyvengen til flyet Nordahl Grieg styrta i. Til høgre: to granitt-søyler. Like solide begge. Den 15 meter høge søyla frå Iddefjorden som del av ambassadens Snøhetta arkitektur. Og 2 meter Egil. I intense fjorten mai-juni dagar 2010 var eg så heldig å lære deg å kjenne. Solid, raus, kunnskapsrik, engasjert, og full av humor.






Det var historie frå sist verdenskrig me var her for å studere. Her tid til eit avbrekk på Ägyptisches Museum, Museumsinsel, Berlin. Engasjement og kunnskap hjå radarparet Fokus (til venstre i biletet) og Vidvinkel (til høgre) var det aldri mangel på. Svein-Aage og Egil utfylte kvarandre utruleg!



Minnesmerke frå sist verdenskrig er det imidlertid ingen mangel på. Her Das Denkmal für die ermordeten Juden Europas. Eit overveldane monument over jorda. Under jorda museum.

Til høgre: Egil vandrar planlaust rundt, mens Svein-Aage studerer Berlin guideboka for å friske opp kunnskap og foredra om neste mål.





På hovud restaurerings staden hjå Airbus i Bremen saman med Echart Wutke (til høgre), nestleiar i restaureringsprosjektet der, og Heiko Triesch (til venstre) prosjektleiar ved Stiftung Deutsches Technikmuseum Berlin. Me blei godt kjent med Heiko i dagane som kom.

Og så Stein då. Utan han hadde me nok ikkje vore her! Drivkrafta i "utvekslingsprosjektet". Grunnen til at me var her er Focke Wolf fw-200 flyet som styrta på fjellet Kvitanosi i Voss 27. 12 1942. Og som no bidreg med viktige deler i restaureringa av eit eksemplar av denneflytypen til museumet i Beriln.

Eg har mange bilete frå dei to restaurerings stadane, Airbus i Bremen og Lufthansa i Hamburg. Her berre eit par. Fleire kjem seinare i annan samanhang. No er det du Egil som er hovudpersonen.



Til venstre: Egon Stodulka forklarar om rekonstruksjon av deler. Til høgre: halevengene frå Kvitanosi.



©kaare@trefall.com
 Me budde fyst og sist på studenthybel på Deutsches Technikmuseum, og i midten i to leilegheiter i Nollendorfstrasse nr. 28. Egil og Svein Aage i "Den store leiligheten", eg i "Kunstnerleiligheten". Ein fin plass å bu! Stein budde på hotell dei dagane han var i Berlin. Her på besøk hjå Egil og Svein-Aage. Livets vann på eggglas!



©kaare@trefall.com
 Fast stopp på veg frå U-Bahn på Nollendorf Platz til Nollendorfstrasse 28. Humørspreiaren Egil i gong!



©kaare@trefall.com
Minibank trøbbel (Egil hjelper Svein-Aage)



©kaare@trefall.com
Gåsegang i Sony Center



©kaare@trefall.com
Så var det ha-det til museums gjengen. Dr. Holger Steinle, leder på luftfarts avdelinga til høyre.



Siste dag saman i Berlin. Egil ville gjerne eit besøk på Topographie Des Terrors for å få opp humøret.



Så dreg Egil og Svein-Aage. Dei skal frå Schönefeld til Flesland og Bergen. Sjølv reiser eg frå Tegel til Gardemoen og vidare til Kongsberg om kvelden. Eg utforskar Berlin åleine denn dagen. Litt tomt etter det tette samværet i 14 dagar.

Eg får treffa deg att ein gong til Egil. Du hadde gløymt att dressjakka di på studenthybelen på museet, og eg hadde tatt den med heim til Norge. Du og Elin kom innom på kaffi og kjekk prat. De kom Hardangervidda og Numedal og skulle vidare til hytta på Nøtterøy på ferie. Kajakkane var med på biltaket. Ingen overraskelse at ein så kjekk mann hadde så kjekk kone!

Det var ei trist trist melding eg fekk frå Stein sist fredag kveld. Du var gravlagd denne dagen skriv han. Eg forsto det slik at du ikkje vill at så mange skulle vita du var sjuk. Eg skulle så gjerne delt desse bileta med deg mens de endå var tid. Saman med dei omlag 2000 andre eg tok desse dagane i Berlin. Takk for at ef fekk kjenna deg Egil!

Takk for godt samvær Stein og Svein-Aage. Ein tur til Berlin ville vore bra. Vindmøllene er til deg Stein.

